



# Vaksdal kommune

## Samfunnsutvikling

Kallandsklubben hyttelag etter fullmakt Jarle Vik  
v/Kjell Åge Kvamme  
5725 VAKSDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1404 - 19/145

Saksbehandlar:  
Kåre Ulveseth  
kare.ulveseth@vaksdal.kommune.no

Dato:  
04.01.2019

### Løyve til oppføring av veg i hytteområde - gbnr 41/1

Delegert vedtak. Saknr: 03/2019

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om bygging av veg til fritidsbustader. Søknaden er vidareføring av veg frå parkeringsplass. Kvar fritidsbustad vil opparbeida parkeringsareal på eigen eigedom. Vegen og veg på dei ulike fritidseigedomane er skildra på vedlagt kartutsnitt datert 31.10.2018.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid.

Det vert elles vist til søknad motteken 01.11.2018.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken. Fristen er 12 veker frå komplett søknad.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som noverande område for fritidsbustader. Etablering av veg i område er soleis i samsvar med gjeldande plan.

#### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

#### Nabovarsel

Nabovarsel er ikkje nødvendig då dette er avklart med grunneigar, og naboar er part i vegen.

#### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 31.10.2018.

Post  
post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt  
www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00

Konto  
Org.nr. 961 821 967



**Vatn og avløp (VA)**

Ikkje tema i denne saka.

**Tilkomst, avkøyrsløse og parkering**

Eigedomane vert no sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

**Terrenghandsaming**

Dette vert utført mest mogeleg skånsamt.

**Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker er ansvarleg for at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

**VURDERING**

Vaksdal kommune har ikkje særlege merknader til søknaden slik denne ligg føre.

Etter kommunen si vurdering så kan det vere at det må utførast mindre justeringar i høve til det som er skildra på vedlagt kartutsnitt. Dette har kommunen ikkje merknader til så lenge dette vert utført på ein god og skånsam måte. Dette gjeld også interne vegar på dei ulike eigedomane.

Det er også viktig at det vert teke omsyn til dei naturgjevne tilhøva i område, samt at inngrepa vert tilbakeført så langt dette er mogeleg. Dette med i såing av fylling og eventuelle skjeringar. Det er viktig at ein nyttar stadeigna massar til dette føremålet.

Det vert gjeve særskild merksemd på følgjande:

Dette løyve er gjeve i medhald av plan- og bygningslovgjevinga og gjev ikkje utan vidare rett til å byggje i høve til annan lovgjeving eller privatrettslege tilhøve, jf. Plan- og bygningslova § 21-6. Kommunen vurderer ikkje privatrettslege avtalar som f.eks. vegframføring over private hytte eigedomar.

Tiltaket vert tilrådd godkjend.

**Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

**Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

**Nabomerknad**

Ingen merknad.

**VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av veg i Kallandsklubben hytte område slik omsøkt. på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 31.10.2018. med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/1404**

#### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, og Vaksdal kommune sitt gebyrregulativ vedteke i kommunestyre, vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 10.2.6 BASISGEBYR KONSTRUKSJONAR OG ANLEGG Kr. 11.800,-

Med helsing

Trine P. Grønbech  
Rådmann

Kåre Ulveseth  
Byggesaksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Geir Håkon Steine  
Tone Dale

**Mottakarar:**

Kallandsklubben hyttelag etter  
fullmakt Jarle Vik

v/Kjell Åge  
Kvamme

5725

VAKSDAL

31.10.2018  
Målestokk 1:2000

